



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 11.12.2024:

Driftsgranskingar i jord- og skogbruk, resultat frå 2023

Etter stor auke to år på rad, gjekk jordbruksinntekta ned i 2023.

2023 var eit år med store utfordringar for jordbruket. Mange vart råka av uveret «Hans», og samstundes gjekk prisane på mange viktige innsatsfaktorar opp medan prisane på jordbruksprodukta var om lag uendra. Saman med auka rentekostnad gjorde dette at jordbruksinntekta gjekk ned med heile 26 prosent og vart kr 363 900 per årsverk i 2023. Det var bøndene på Jæren som oppnådde høgast jordbruksinntekt dette året med kr 462 900, men også jær bøndene fekk nedgang i jordbruksinntekta frå 2022.

Det viser dei årlege driftsgranskingane utført av NIBIO. Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei rekneskapsgransking som viser resultat og økonomisk utvikling på norske gardsbruk, og er ein del av den offisielle statistikken i Noreg. For 2023 omfattar granskinga tal frå 938 gardsbruk. Desse er valde ut slik at dei representerer ulike landsdelar, storleiksgrupper og driftsformer.

Produksjonsinntektene auka med om lag 1 prosent. Inntektene frå kornproduksjon gjekk ned med heile 40 prosent, medan husdyrinntektene, som utgjorde 53 prosent av produksjonsinntektene, gjekk ned med 1 prosent. Inntektene frå mjølk, storfekjøtt og sau- og lammekjøtt gjekk ned, medan svinekjøtt, egg og fjørfekjøtt auka i 2023. I 2022 vart det utbetalt ekstratilskot som kompensasjon for kostnadsauken for viktige innsatsfaktorar i 2022, og det gjorde at tilskota auka mykje. Også i 2023 auka tilskota mykje. I gjennomsnitt for alle deltakarane i driftsgranskingane auka tilskota med kr 150 000, tilsvarende 19 prosent frå 2022. Dette gjorde at tilskota i gjennomsnitt utgjorde 33 prosent av produksjonsinntektene.

Kostnadene auka i gjennomsnitt med 10 prosent, eitt prosentpoeng mindre enn frå 2021 til 2022. Dei variable kostnadene auka med 13 prosent i gjennomsnitt, men med stor variasjon mellom ulike kostnadspostar. Kostnadene til kraftfôr som utgjør den største posten av dei variable kostnadene, auka med 11 prosent, medan handelsgjødsel auka med 27 prosent. Av dei faste kostnadene var det kostnader til avløyning og anna leigd arbeid som auka i mest i kroneverdi, med kr 19 200, tilsvarende 12 prosent auke frå året før. Kostnadene til leasing og maskinleige har auka kvart år, og frå 2022 til 2023 auka desse kostnadene med 8 prosent i gjennomsnitt. Kostnadene til elektrisk kraft auka med 7 prosent, medan kostnadene til drivstoff var uendra frå 2022 til 2023. I gjennomsnitt gjekk dei faste kostnadene opp med 7 prosent.

Arealet per bruk var 427 dekar, det same som i 2022. I gjennomsnitt for landet var det berre små endringar i produksjonsomfanget for husdyrhaldet frå 2022 til 2023. Også arbeidsinnsatsen har vore uendra dei siste åra med 1,6 årsverk per bruk. Av dette var 0,4 årsverk avløyningar eller anna betalt hjelp.

Etter eit fantastisk år i 2022, vart 2023 eit dårleg år for mange kornprodusentar. Det vart stor avlingsnedgang, og sjølv om kornprisane auka mellom 4 og 6 prosent, gjekk inntektene frå korn ned med 41 prosent. Kostnadene til såkorn og handelsgjødsel auka med høvesvis 19 og 38 prosent. Tilskota auka med 35 prosent i gjennomsnitt, men likevel vart jordbruksinntekta negativ for kornprodusentane i driftsgranskingane i 2023. I gjennomsnitt er arbeidsinnsatsen på kornbruka 0,4 årsverk. Det var 107 driftsgranskingsbruk med ein-sidig kornproduksjon i 2023, og dei hadde eit jordbruksareal på 427 dekar, 13 dekar mindre enn i 2022.

Mjølkeprodusentane som hadde gode år i 2021 og i 2022, men i 2023 fekk også mjølkeprodusentane reduksjon i jordbruksinntekta. I gjennomsnitt gjekk jordbruksinntekta ned med 27 prosent, til kr 334 700. Mjølkekvoten auka med 3 prosent i gjennomsnitt, medan omsett mjølk gjekk ned med 700

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 11.12.2024:

Driftsgranskingar i jord- og skogbruk, resultat frå 2023

liter frå 2022. Saman med nedgang i mjølkepris med 3 øre, ga det nedgang i inntektene frå omsett mjølk med 1 prosent. Oppnådd pris på storfekjøtt var om lag uendra frå 2022, men inntekter frå kjøttproduksjon og sal av livdyr gjekk likevel ned med 16 prosent. Tilskota auka med 17 prosent på mjølkeproduksjonsbruka, og det bidrog til at produksjonsinntektene auka med knappe 1 prosent. Auke i variable- og faste kostnader med høvesvis 12 og 9 prosent, saman med stor auke i renteutgiftene, ga nedgangen i jordbruksinntekt. Det var 287 bruk med mjølkeproduksjon med i granskinga for 2023. I gjennomsnitt hadde dei 32,6 årskyr og 504 dekar jordbruksareal. Arbeidsinnsatsen auka med 100 timar frå 2022 og var 2,2 årsverk.

Jordbruksinntekta til bruka med sauehald gjekk ned med 12 prosent frå 2022 til 2023. I 2023 oppnådde dei ei jordbruksinntekt på kr 231 600. Det var ein volumnedgang på 8 prosent på omsett sau- og lammekjøtt, og sjølv om prisane auka med kr 2,06 på lammekjøtt og kr 1,47 på sauekjøtt, gjekk likevel inntektene frå husdyrhaldet ned med 13 prosent. Tilskota auka med 16 prosent, men med auke i dei fleste variable kostnader og auka renteutgifter, vart det nedgang i jordbruksinntekta. Det var 127 bruk med sauehald i driftsgranskingane i 2023, og dei hadde 151 sauer og ein arbeidsinnsats på 1,2 årsverk.

Det har vore stor auke i tal bruk som driv med kjøttproduksjon på ammeku dei siste åra, og i 2023 var det 98 bruk med denne driftsforma i driftsgranskingane. I gjennomsnitt oppnådde dei ei jordbruksinntekt på kr 217 700, ein nedgang på 34 prosent frå året før.

Fruktbruka i driftsgranskingane hadde eit godt år i 2023, og det var den driftsforma som oppnådde høgast jordbruksinntekt med kr 601 600. Det var gode avlingar for alle fruktslaga, og sjølv med ein liten prisnedgang på produkta, auka likevel marknadsinntektene med 28 prosent. Tilskota auka med 27 prosent, og særleg var det distriktstilskotet til frukt som auka mykje, med 49 prosent. Dei variable kostnadene auka med 7 prosent og dei faste med 11 prosent. Også for fruktbruka vart det ein stor auke i renteutgifter, men monaleg inntektsauke ga godt resultat for desse bruka. Fruktbruka hadde eit jordbruksareal på 57 dekar og arbeidsinnsatsen var på 1,8 årsverk.

Resultata for bruka med svinehald i kombinasjon med korn varierer mykje mellom år, og fekk i 2023 ein nedgang i jordbruksinntekta med 33 prosent, men er likevel ei av driftsformene med høgast jordbruksinntekt i 2023 med kr 534 900. Inntektene frå husdyrhaldet auka med 7 prosent, medan inntektene frå kornproduksjon gjekk ned med 33 prosent. I kronebeløp var nedgangen frå korn om lag like stor som auken for svinehaldet. På kostnadssida var det særleg kostnadene til kraftfôr, innkjøp av smågris og avløyser som auka.

Auke i investeringar og gjeld, nedgang i nettoinntekt

Gjennomsnittleg nettoinvestering per bruk auka med 1 prosent frå 2022 og var 229 800 i 2023. Det vart investert mest i bygningar.

Gjelda auka med 5 prosent i snitt per bruk, og eigenkapitalprosenten gjekk ned med eitt prosentpoeng frå 2022 og vart 54 prosent i 2023.

Nettoinntekta for brukarfamilien var på 1,21 mill. kr i 2023 ein nedgang på 1 prosent frå 2022. I nettoinntekt inngår alle inntekter for brukarfamilien, både i og utanfor bruket, med frådrag av gjeldsrenter og kår. På knappe 80 prosent av deltakarbruka er det registrert ektefelle/sambuar. I gjennomsnitt for granskinga ligg det derfor ca. 1,8 personar bak nettoinntekta til brukarfamilien.

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 11.12.2024:

Driftsgranskingar i jord- og skogbruk, resultat frå 2023

Jordbrukets del av brukarfamiliens samla inntekter var 38 prosent, 8 prosentpoeng mindre enn i 2022. Bidrag frå tilleggsnæringar med basis i ressursane på bruket stod for 8 prosent, og skogbruket for 2 prosent av samla inntekter. Løsinntekter utgjorde 39 prosent, 5 prosentpoeng meir enn i 2022.

Jordbruksfrådrag

Jordbruksfrådraget vert fastsett i jordbruksoppgjeret. For 2023 var maksimalt frådrag kr 195 000, det same som for 2022. Inntektsverknad av jordbruksfrådrag er rekna til kr 36 500 per årsverk for 2022. Dette kjem i tillegg til jordbruksinntekta, og inngår ikkje i nokon av resultatmåla over. Samla årsverksinntekt blir da kr 400 400, ein nedgang på 25 prosent frå 2022.

Uendra driftsoverskot for gards-skogbruket

I gjennomsnitt for alle bruka i driftsgranskingane vart driftsoverskotet frå skogbruket kr 31 400 i 2023, det same som i 2022. Det var bruka frå «andre bygder» på Austlandet som hadde høgast driftsoverskot frå skogen i 2023, med kr 82 800.

Ulike resultatmål

Dei siste åra har det vore store diskusjonar om korleis ein skal måle jordbruksinntekta. I dei resultatane som er presenterte her, er det løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk som er nytta. Det resultatmålet som Budsjettnemnda for jordbruket nytta våren 2024, årsresultat per familieårsverk, ligg nær det resultatmålet som i driftsgranskingane er kalla vederlag til familiens arbeid og eigenkapital. Skilnaden mellom dette resultatmålet og det som er nytta som mål på jordbruksinntekt i driftsgranskingane, er at leigd hjelp er rekna som kostnad, samstundes som timar til leigd hjelp ikkje inngår i årsverket. For 2023 var vederlaget til familiens arbeid og eigenkapital per årsverk kr 337 200, eller kr 26 700 lågare enn det som er rekna som jordbruksinntekt her.

Kontaktpersonar ved NIBIO

Heidi Knutsen
seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Torbjørn Haukås
seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 472 77 017

Telefon: 476 58 552

E-post: heidi.knutsen@nibio.no

E-post: torbjorn.haukas@nibio.no

Sjå meir informasjon og utfyllande tabellar på: www.nibio.no

Ordforklaringar

Jordbruksinntekta blir målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

Skattefordel for bønder er skattelette i form av eit ekstra jordbruksfrådrag i allmenn inntekt. Det blir rekna ein inntektsverknad av skatteletten tilsvarande den inntekta ein må ha for å oppnå same kjøpekraft som skatteletten genererer.

Kår er ei kontraktfesta yting til tidlegare eigar.

Leasing er langtidsleige, som oftast av maskiner eller inventar.